

Det kongelige utdannings- og forskningsdepartement
Postboks 8119 Dep

0032 Oslo

Vår ref.:
05/497

Deres ref.:

Saksbehandler:

Dato:
05.01.2006

HØYRING – Forslag til endringar i opplæringslova – Opplæring i helseinstitusjonar og barnevernsinstitusjonar

Når det gjeld offentlege helseinstitusjonar, meiner Helse Vest RHF at ein bør velje mellom anten

- fylkeskommunalt ansvar for opplæring i både private og offentlege helseinstitusjonar eller
- kommunalt ansvar for grunnskoleopplæringa og fylkeskommunalt ansvar for vidaregåande opplæring i alle helseinstitusjonar og barnevernsinstitusjonar.

Det er ein fordel for den som skal "bestilla" tenesta at den er samla til ein instans. Det er også grunnar som talar for at det er dei som har ansvaret for opplæring etter dagens modell på kommunalt og fylkeskommunalt nivå også har dette i institusjonar som ligg i det geografiske området forvaltningsnivået har ansvar for.

Fleire institusjonar og/ eller avdelingar har så få pasientar, at det vil vera ressurskrevjande å ha lærarkrefter som dekker heile bredda av behovet. Det vil og bli lite fagmiljø i institusjonen.


Når det gjeld pasientar som er innlagd på ungdomspsykiatrisk avdeling, er det fleire med behov for skoletilbod. Her er det ønskeleg med Modell 1.

Grunnar til dette er:

- Ungdommar som er pasientar i ungdomspsykiatrisk avdeling vandrar ofte mellom ulike tiltak i helse- og barnevern. Det er viktig at skoletilbodet har kontinuitet.
- Dei fleste ungdommane er i institusjon i korte periodar, og det er viktig at skoletilbodet kjem raskt i gong utan omstendelag communal handsaming (mellan anna av faglege behov og økonomisk oppgjør).
- Ungdom med alvorleg psykisk liding, som til dømes schizofreni, må få eit skoletilbod med godt nok fagleg innhald som er fleksibelt over tid og individuelt tilpassa ungdommanes behov. Regelverket som lages må tillate bruk av skjønn.
- Ordninga bør være mest mogeleg lik ordningar for alle typar institusjonar innan, rus, barnevern og helsevern uavhengig av eigarform.
- Fylkeskommunalt ansvar for opplæringa for å kunne vedta og sette i gong tiltak raskt nok, og regelverk som sikrar godt nok skoletilbod også til dei som har størst og / eller spesielle behov.

- Når barn og unge har behov for så omfattande helse- og/eller sosialtenester at det kan sidestillast med opphold i institusjon, bør det faglege, økonomiske og juridiske ansvaret ligge hos fylkeskommunen, uavhengig av kvar eleven til ein krav tid oppheld seg.

Helse Vest RHF vil difor føretrekke Modell 1 eller alternativt Modell 6 der lærarar frå kommune / fylkeskommune kjem og gjev undervisning når det er pasientar som har behov for opplæring. Dette vil sikre at opplæringa vert gjeve i tråd med gjeldande læreplanar og på linje med andre skuleelevar i kommunen og fylket.



Med hilsing
Hilde Christiansen
personal- og organisasjonsdirektør